

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - S11	14/798

Saknr	Utval	Type	Dato
113/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014

Fråsegn om konsesjonsplikt knytt til Storelva kraftverk i Hopsdalen

Vedlegg:

Fråsegn - Konsesjonsplikt - Masfjorden - Bygging av Storelva Kraftverk - Odelskraft AS
201304592-4Høyring av melding om Storelva kraftverk i Masfjorden kommune med vedlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune viser til vurderinga til rådmannen og rår til at det vert konsesjonsplikt for Storelva kraftverk.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Det vert vist til brev frå NVE dagsett 27.06.2014, som gjeld søknad frå Odelskraft AS om førehandsvurdering om konsesjonsplikt for bygging av kraftstasjon i Storelva i Hopsdalen. Det vert og vist til endringsbrev oversendt frå NVE den 22.10.2014. Her vert kraftstasjonen flytta til kote 24 moh, og korrigert data for minstevassføring vert lagt med, samt at det vart lagt ved nytt kart som viser endringane.

I brevet av 27.06.14 ber NVE om at kommunen vurderer tiltaket informerer om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket, og om eventuelle andre faktiske tilhøve som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Eksempel på allmenne interesser skriv NVE kan vere: friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Som faktiske tilhøve av interesse kan ein nemne informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, etc. Vidare ber ein høyringspartane vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve naturmangfaldslova sin § 8.

Tiltakshavarane har lagt fram planar for utbygging av elva, der hovudinntaket er planlagd plassert omlag på kote 110, og kraftstasjonen på kote 21 moh (endra til 24 moh seinare). I tillegg skal det overførast vatn frå Bulateigjelet til hovudinntaket via ei røyrgate frå eit inntak planlagd omlag på kote 118.

Driftsvatnet skal leiast til stasjonen via nedgravne røyr. Røyrgata vil få ei lengde på omlag 755 meter,

og ein diameter på 900 mm. Kraftverket vil verta liggjande i dagen med ein kort avlaupskanal attende til elva. Nedbørsområdet for dette prosjektet er rekna til omlag 4,75 km² og årleg middellavrenning til 655 l/s. Alminneleg lågvassføring er oppgjeven å vere 82,8 l/s. Minstevassføringa er foreslått til 40 l/s.

Sjølve kraftverksbygget vil få eit areal på omlag 30 m², og vil verta utført i samsvar med lokal byggetradisjon. For nettilknytning har ein planlagd å føra ein jordkabel frå kraftverket til trafo omlag 700 meter frå stasjonsområdet.

Nedunder er justert kart som byggjer på rapport 11/2011 om »Storleva Kraftverk i Masfjorden kommune - Verknader på biologisk mangfald» vist. Kartet nedunder viser den planlagde utbygginga med traktorveg, kraftstasjon på kote 24 moh, elveinntak og rørtrase, samt bekkeinntak i nord.



I denne rapporten går det fram følgjande om utbyggingsplanane:

Årleg middellproduksjon er utrekna til ca 3,6 GWh.

Det er registrert raudlisteartar i nærområdet til elva, mellom anna raudlista beitemarksoppar. Det er

og registrert ein edellauvskog på nordsida av dalen, samt strandsnipe.

Uttale:

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 05.11.2014 skrive at dei meiner at saka bør handsamast som ei konsesjonssak. Dei meiner det må stillast vilkår av omsyn til sjøaurebestanden i vassdraget og av omsyn til friluftslivet, og skriv følgjande om elva og fisken:

« Vasstrenga

Fylkesmannen meiner at ved ein eventuell utbygging så bør planar om hovudinntak leggst på det nedre alternativet i vasstrengen (på nedsida av dei store steinane), då dette verkar som eit betre alternativ med tanke på naturinngrep ved overføring av vatn frå Bulateigjelet.

Vidare bør dei allmenne interesser og folks oppleving av området vektleggast jf. vassressurslova §8. Det kjem ikkje fram i søknaden at dette er eit område kor der er ferdsel for turgåarar, spesielt på sommaren. Der finnes ein fin liten foss som i seg sjølv bør vektleggast som verdifull, og ein redusert vassføring vil kunne redusere den positive opplevinga av denne.

Fisk

Hopevassdraget (Storelva) er anadromt, og for å ta omsyn til bestanden av sjøaure i vassdraget, må det stillast vilkår:

- Utløp frå stasjonen må over vandringshinderet for anadrom fisk.
- Inntaket må utformast på ein slik måte at gassovermetning ikkje førekjem.
- Det bør monterast omløpsventil, slik at ikkje elva nedstraums blir tørrlagt ved eventuelle utfall i stasjonen. «

På bakgrunn av dette meiner fylkesmannen at tiltaket ikkje kan få konsesjonsfritak.

Fylkesmannen har i tillegg ei prinsipiell vurdering som går på å krevje konsesjonssøknad, og viser til at det vil koma mange fleire vassdrag frå NVE til vurdering i 2015.

Vurdering

Det resterande influensområdet ligg som LNF område i kommuneplanen. Administrasjonen vil visa til at Hopsdalen vert noko nytta av turgåarar som skal inn i fjellområda lenger aust. Sidan traktorvegen går delvis langs elva vil friluftsjnteresser verta noko råka av utbygginga. Ei utbygginga kan, om det ikkje vert stilt vilkår, gje ulemper i høve biologisk mangfald for anadrom fisk og eventuelt for andre miljøinteresser. Plassering av elveinntaket og kraftstasjonen, samt måten området vert bygd ut på med omsyn på rørgate m.m. bør etter administrasjonen si vurdering få ei betre drøfting om saka vert konsesjonshandsama. Legging av rørgate vil medføra landskapsinngrep i dalen, som vil kunna verta oppfatta som uheldige om det ikkje vert gjort på ein tilfredstillande måte. Det at Fylkesmannen meiner at det bør stillast vilkår om det vert gjeve konsesjon, er og noko administrasjonen meiner bør vektleggast i dette vassdraget. Utan konsesjonshandsaming vil heimelen for å setja vilkår etter vassressurslova ikkje vera til stades.

Konklusjon

Administrasjonen meiner at tiltaket treng handsamast som eigen konsesjonssøknad, då tiltaket i nokon grad vil påverka miljøinteresser, og fordi influensområdet som vert påverka har ei viss verdi for friluftslivet. Ei konsesjonshandsaming vil difor etter vår vurdering gje dei beste rammene for å

drøfta og ivareta dei allmenne interessene som er knytt til dette vassdraget.

Formannskapet - 113/2014

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Bjørn Egil Nordland , A, sa seg ugild i saka.

Røysting:

Det vart samrøystes vedteke at Bjørn Egil Nordland var ugild i saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune fårår konsesjonsplikt.

Grunngjeving: Tiltakshavar har tilpassa seg allmenninteresser og miljøtekniske tiltak.

Røysting:

Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet vart smrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune fårår konsesjonsplikt.

Grunngjeving: Tiltakshavar har tilpassa seg allmenninteresser og miljøtekniske tiltak.